



Referat frå styremøte 27-09.2022

Tid: 19:00 – 21:00, på Teams.

Tilstades: Sivert Helland, Turid Sættem Eggen, Ruth Hege Dyrhaug, Randulf Tverfjell, Svein Dalen, Olav Magne Helland, Tove Hundseth, Reidar Strand, Kristian Kallmyr Lerheim, Oddbjørn Jünge, Ole Henning Johansen

Ikkje tilstades: Joakim Pettersen

Frå administrasjonen: Monica Malmedal

Sak 76/09.22 Godkjenne innkalling

Vedtak:

Innkalling godkjent

Sak 77/09.22 Godkjenning av referat frå styremøte 14.09.22

Referat frå styremøte 14.09.22 leggst fram til godkjenning av styret

Vedtak:

Styret godkjenner referatet frå styremøtet 14.09.22

Sak 78/09.22 Program for TV-samling 3.-4. Desember

Forslag til poster på programmet til TV-samlinga vart diskutert under styremøtet 14.09.22, men det må lagast eit konkret forslag med klokkeslett, tittel og foredragsholder. Vedlagt i innkallinga ligg eit utkast der foreslåtte postar er lagt inn. Endringar i utkastet er forventet og det er derfor viktig at styret kjem med innspel til tidsbruk og rekkjefølge på programmet

Diskusjon:

Styret gikk igjennom forslaget til program og justerte innlegg og avsatt tid. Det mangla framleis ein del bekreftelsar på foredragsholderar som no vert purra på. **Svein** har ansvar for Oterprosjektet, **Randulf** har ansvar for Driva, **Monica** har ansvar for Skodje, Molde og Kristiansund & Nordmøre JFF i forbindelse med vårt lokallag, **Sivert** har ansvar for Makrellstørje. Av endringar i programmet så gav Linda Heitmann tilbakemelding om at ho ikkje kunne delta og styret godtok at **Amalie Bjørøy** stiller i staden.

Det var vidare diskutert ønsker om innhald frå sentralleddet der det i tillegg til vedtekter og økonomi er ønskeleg med nyheiter, spesielt rundt bruk av termisk og bly. I tillegg er det ønskeleg å få gjennomført ei form for evaluering av TV-samlinga, gjerne digitalt, slik at vi veit kva som eventuelt kan forbeholdast til neste år.

Vedtak:



Styret godkjenner det fastsatte programmet og ansvarlege personar gir tilbagemelding til Monica/Sivert om kven som vert foredragshaldarar.

Sak 79/09.22 Program for felles Utvalssamling

Det er satt opp ei felles utvalssamling 2.-3. desember i forkant av TV-samlinga, der hovudformålet er å lage årshjul og planlegge aktivitetar for 2023. Programforslag ligg vedlagt møteinnkallinga. På styremøte 14.09.22 vart det og bestemt at utvala skal legge fram oversikt over områder for aktivitetar og opplæring, til påminning for utvalsleiarane. Styret må komme med innspel dersom det er spesielle tema som er sakna på programmet.

Diskusjon:

Styret gikk igjennom forslaget til program og retta opp i tekst og innhald for at programmet skulle verte mest mogleg praktisk retta og lett forståeleg.

Vedtak:

Styret godkjenner det endelege programmet og Regionssekretær sender dette ut til utvalsmedlemmane med det same.

Sak 80/09.22 Innspel til dei ulike partiprogramma for komande val

Styret har tidlegare vedtatt at dei ønsker å prøve påverke politikarane med tanke på neste års kommunestyre- og fylkestingsval. Skal vi komme med innspel til dei ulike partiprogramma så er det rette tida å gjere det no.

Det må lagast ein plan over korleis vi skal legge fram innspela våre, kva tema med kva budskap som skal fokuserast på samt kven vi eventuelt ønsker å sende innspela til. Her er det viktig at utvalsleiarane legg fram saker som er spesielt interessante for sitt utval.

Vedtak:

Utvala plukkar ut ei sak/tema som er spesielt viktig og lagar eit utkast med ein konkret budskap. Dette vert presentert på utvalssamlinga 2.-3. desember og vert sendt til dei ulike partia som ein folder.

Muntlege orienteringar:

- Status lyssetting av møtefasiliteter på Skaret
- Økonomi
- Regionsekretær og Friluftveileder orienter om drift og aktivitetar til regionlaget
- Status tilskot/midlar
- Status aktivitetsplan til utvala og regionlaget
- Fiskeutvalssamling 4.-6. November

Referent: Sivert